



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

4/2010

Desember • Årgang 17



Rett frå dunken

Tømmekalender 2011

Tømmekalenderen for 2011 kjem i posten i løpet av eit par veker. Ta vare på den. Kalenderen viser kva for veker det er tømning av rest, bio og papir i din kommune, og kva som skjer når tømmedagen fell på ein rørlag heilagdag. Kontakt SIM, tlf. 53 45 78 50, dersom du ikkje har fått kalenderen før årsskiftet. Tømmekalenderen kan også lastast ned frå www.sim.as.



Julegåvepapir er restavfall

Julegåvepapir og pakkeband skal kastast i restavfallsdunken og ikkje i papirdunken. Årsaka er at gåvepapir er gjennomfarga og inneheld for lite fiber til at det kan gjenvinnast til nytt papir.



Bur seg på nok ein tøff vinter

Sjåførane som hentar hushaldsavfall bur seg på harde tak i vinter.

– Får me like mykje snø som sist, treng me både hjelp og forståing frå abonnentane for å kunna yta den service me gjerne vil, seier Maciej Durski (biletet), sjåfør i Kvinnherad.

Enkle tiltak, som å brøyta vegen og trilla bosdunken fram til køyrbar veg, vil vera til stor hjelp for renovatøren. Les meir om korleis du kan hjelpa til på side 2 og 3.



Ruteendringar i Bømlo, Stord og Sveio neste år



Med verknad **frå og med første bioveke i 2011** vil det bli nokre ruteendringar i kommunane Bømlo, Sveio og Stord. Ein del abonnentar vil få endra hentedag. Nærare informasjon kjem i Posten etter årsskiftet.

Bømlo:

Alle som har henting på fredag, vil få onsdag som hentedag.

Sveio:

Alle som har henting på onsdag, vil få torsdag som hentedag.

Alle som har henting på torsdag, vil få fredag som hentedag.

Stord:

Nokre få område vil få ny hentedag.

Miljøsentralane opne i romjula

SIM sine miljøsentralar er opne som vanleg i romjula. Opningstidene finn du på siste sida i bladet. Alle miljøsentralane har ope éin laurdag i månaden gjennom heile vinterhalvåret (Svartasmoget har ope annakvar laurdag).



Treng hjelp for å y

– Får me ein slik vinter igjen, treng me både hjelp og forståing frå abonnentane, seier sjåfør Mariusz Kucharycz.

31-åringen frå Polen har sist vinter friskt i minne. Snø to månader i strekk gjorde det vanskeleg å koma fram med bosbil, og ein del abonnentar opplevde å ikkje få tømt dunken.

– Blir det slik igjen, får me det tøft. Då blir det vanskeleg å yta den servicen me gjerne vil til alle, seier Mariusz, som har køyrt bos for SIM i fire år og trivst godt i møte med abonnentane.

– Korleis kan folk hjelpa til?

– Det viktigaste er at vegen fram til tømme-staden er brøyt og strødd. Er den ikkje det, kan me med lova i hand la vera å køyra. Det same gjeld dersom vegen er i så dårleg stand at det er fare for personar eller utstyr.

Renovasjonsforskriftene pålegg eigar/bruksretts-innehavar av privat veg ansvar for vedlikehald av vegbanen, grøfter og andre innretningar knytt til vegen. Dette inneber også brøyting i full vegbreidd og strøing av glatte parti. Også sнопlassar må måkast og strøast.

– Me har eit stort ansvar for andre vegfarande, oss sjølve og utstyret. Kjem me på glid med ein fullasta bosbil på 26 tonn, kan det gå veldig gale. Difor hender det at me vel å ikkje køyra.

Abbonenten har på si side betalt gebyr og har krav på tømning.

Bosdunken skal...

- ... plasserast ved veg, ikkje i veg.
- ... stå skikkeleg og ikkje liggja på bakken.
- ... heim att etter tømning.



ta fullgod service

– I dei tilfelle me ikkje får tømt, får abonnenten tilsendt ein ekstrasekk i Posten. Den kan han setja fram ved neste tømning av same type avfall.

Snø rundt oppstillingsplassane for bosdunkane er òg ei utfordring. Ofte må dunkane dragast over haugar med snø før dei kan tømmast.

Det vil vera til stor hjelp om dunken vert trilla fram til næraste køyrbare veg og plassert i lag med andre dunkar. Ver merksam på at det kan bli tømning til uvanlege tider dersom føret skaper vanskar.

– Me ynskjer å yta alle god service, men av og til strekkjer me ikkje til. Hjelper me kvarandre, går det i lengste laget bra, seier Mariusz.

At brøytemannskap tek «snarvegar», er også med og skaper problem for renovatørane.

– Viss brøytebilen kappar svingen, er det lett å få feil inntrykk av kor vegen faktisk går.

Kjem me utanfor vegbanen, skal det lite til før me vert ståande fast og i verste fall veltar, forklarar Mariusz Kucharycz.

Føre var med ekstrasekker

Abonnentar som på grunn av snø eller glatte vegar ikkje får tømt dunken, har rett på ein ekstrasekk. Denne kan dei setja fram neste gong det er tømning av same type avfall.

Renovatørane veit at det er nokre få vegar som er spesielt utsette vintersdagen. Abonnentar som bur langs desse vegane vil få tilsendt ekstrasekker til bruk i tilfelle dunken ikkje vert tømt.

– Det er vanskeleg å yta alle abonnentar fullgod service vintersdagen. Hjelper me kvarandre, går det i lengste laget bra, seier sjåfør Mariusz Kucharycz.

Inga ruteendring i romjula

SIM sine bosruter vil gå som vanleg i romjula. I og med at heilagdagane fell på ei helg, kan bosrutene køyrast som elles i året.

Ekstrasekk for juleboset

Det kan vera lurt å sikra seg nokre ekstra bossekker før jul. Ekstrasekkene får du kjøpt på miljøsentralen eller rådhuset for kr 45 per stk. Sekkene kan setjast ut den dagen det er tømning av restavfall hos deg og vil bli tekne med av bosbilen. Andre typar bossekker vil ikkje bli tekne med.



Slamtømming i 2011

I 2011 skal SIM tømme septiktankar i Bømlo, Kvinnherad, Stord og Sveio kommunar. Tømminga i Kvinnherad gjeld berre heilårshus. I dei andre kommunane vert det tømning både for heilårshus og fritidshus. Abonnentane får informasjonsblad i posten når det nærmar seg tømning.



Ole Andreas Endresen kontrollerer septikvatnet.

Kommunestyret avgjer renovasjonsgebyret

Det er kommunestyret, og ikkje SIM, som bestemmer kor mykje du skal betala i renovasjonsgebyr. Storleiken på gebyret for 2011 vert avgjort i desember. Gebyret skal dekkja kostnaden med renovasjonsordninga, korkje meir eller mindre.

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget
N-5419 Fitjar



SIM
nytt



Fjerdeklassen ved Skarveland skule. F.v.: Mona Korttila (lærer), Benjamin E. Skarveland, Peter Holmedal, Joakim Heimvik, Silje Chrestine E. Skarveland, Synne Marie L. Handeland, Camilla F. Dehli, Ingrid Elmina Fiskerstrand, Miriam Hasan. Fremst står Martha Saghaug.

Skarveland vann teiknedugnaden

Fjerdeklassen ved Skarveland skule i Kvinnherad kommune vart trekt ut som vinnar av SIM sin teiknedugnad for hausten 2010. Premien, eit gavekort på 2 500 kroner, vart overrekket elevane i klasserommet torsdag 11. november.

350 fjerdeklassingar frå heile Sunnhordland har

i haust vore på ekskursjon i Svartasmoget for å sjå korleis boset vert behandla, og for å læra om kjeldesortering, resirkulering og berekraftig utvikling. Mange av elevane sende SIM teikningar i etterkant av besøket. Oppgåva var å teikna eit eller anna som hadde med bos behandling å gjera.

Unngå frost i biodunken

Det kan vera lurt å leggja litt strø eller eggekartong nedst i biodunken, for å motverka at bioavfallet får frysa fast. Fastfrose bioavfall er vanskeleg å få ut or dunken.



Pizzaesker problem

Pizzaesker er ofte årsak til at papirdunken ikkje vert tømt skikkeleg. Prøv å unngå å stappa heile pizzaesker i dunken, del dei heller opp i mindre bitar.




Opningstider miljøsentralane 2010

Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Bømlo, Hollundsdaalen

Måndag, tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Fitjar og Stord, Svartasmoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00.

Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. april – 30. sept.:
Torsdagar kl. 08.00–18.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.
Onsdag før skjærtorsdag ope til kl. 12.00.

Kvinnherad, Husnes industriområde

Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00.

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan stengt.

Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as